

# Rettigheter, opplæring og fritak

## Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova)

### Kapittel 3. Elevane

#### § 3-2. Rett og plikt til opplæring

Elevar i grunnskolar som er godkjende etter denne lova, oppfyller si plikt til grunnskoleopplæring etter [opplæringslova § 2-2](#) første og andre ledd.

#### § 3-3. Skolegangen

Ein elev som har fått plass ved ein grunnskole som er godkjend etter denne lova, har rett til å fullføre opplæringa si ved skolen, så langt skolen er godkjend.

[Opplæringslova § 2-2](#) tredje ledd om heilt eller delvis fritak frå opplæringsplikta og [§ 2-4](#) om utsett og tidleg skolestart gjeld tilsvarande for elevar i grunnskolar som er godkjende etter denne lova. Heimkommunen gjer vedtak. Departementet er klageinstans.

#### § 3-4 b. Tilpassa opplæring

Skolen skal sørge for at opplæringa er tilpassa, det vil seie at elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine.

#### § 3-5. Særskild språkopplæring

Elevar med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild språkopplæring til dei kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa. Særskild språkopplæring skal omfatte forsterka opplæring i norsk og, om det trengst, morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar.

Heimkommunen eller heimfylket skal jamleg vurdere om ein elev som har vedtak om særskild språkopplæring kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa.

Heimkommunen eller heimfylket kan gjere vedtak om at eleven skal få opplæring i morsmål på ein annan skole enn den eleven går på.

Heimkommunen eller heimfylket til eleven gjer vedtak og dekkjer utgiftene til særskild språkopplæring. Departementet er klageinstans.

#### § 3-6. Individuell tilrettelegging

Elevar i privatskolar godkjende etter lova her har same rett til individuell tilrettelegging som elevar i offentlege skolar. Reglane i [opplæringslova §§ 11-4](#) til [11-11](#) gjeld tilsvarande for privatskolar.

Heimkommunen eller heimfylket til eleven gjer vedtak om personleg assistanse, vedtak om fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel og vedtak om individuelt tilrettelagd

opplæring etter reglane i [opplæringslova §§ 11-4 til 11-6](#), jf. [§ 11-7](#). Heimkommunen eller heimfylket skal dekkje utgiftene til individuell tilrettelegging etter reglane i [opplæringslova §§ 11-4 til 11-6](#) i private skolar på lik linje med offentlege skolar. Vedtak om dekning av utgifter til individuell tilrettelegging er eit enkeltvedtak. Berekninga av midlar til individuell tilrettelegging skal vere relatert til talet elevar med individuell tilrettelegging. I tvilstilfelle avgjer departementet kva kommune eller fylkeskommune som er ansvarleg for kostnadene. Departementet har tilsvarande ansvar for elevar ved norske skolar i utlandet.

Departementet kan gi forskrift om gjennomføring av reglane om individuell tilrettelegging.

Departementet er klageinstans for klage over kommunale og fylkeskommunale enkeltvedtak om individuell tilrettelegging.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta i vertskommunen skal hjelpe skolen med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling slik at opplæringstilbodet blir så inkluderande og godt tilrettelagt som mogleg.

### **§ 3-6a. Samarbeid og samordning**

Skolen skal samarbeide med andre tenesteytarar dersom samarbeid er nødvendig for å gi eleven eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Dersom eleven har individuell plan etter anna lov og forskrift, skal skolen delta i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i den individuelle planen.

### **§ 3-7. Rett til skyss, reisefølgje og tilsyn**

Elevar i private grunnskolar har rett til skyss til og frå skolen etter reglane i [opplæringslova § 4-1](#) og rett til reisefølgje og tilsyn etter reglane i [opplæringslova § 4-2](#). [Opplæringslova § 4-3](#) første, andre og tredje ledd gjeld for elevar i private grunnskolar. Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn for elevar i grunnskolar gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven bur.

### **§ 3-8. Helsetilsyn**

Forskrift gitt i medhald av helse- og [omsorgstjenesteloven § 3-2](#) andre ledd gjeld for elevar ved skolar i Noreg godkjende etter denne lova. Kommunen der skolen ligg, har ansvaret for å gjennomføre helsetenesta i samsvar med forskrifta og å dekkje utgifter for helsetenesta ved skolane etter same reglar som for offentlege skolar.

### **§ 3-10. Bortvising**

Styret kan fastsetje i skolereglane at elevane kan visast bort frå opplæringa etter fleire eller grove brot på skolereglane, med dei avgrensingane som følgjer av denne paragrafen. Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.

### **§ 3-10 a. Plikt til førebygging**

Styret skal sørge for at skolen driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid for at det ikkje skal oppstå situasjonar der tilsette må gripe inn fysisk mot elevar.

### **§ 3-10 b. Fysiske inngrep for å avverje skade m.m.**

Tilsette i skolen kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, gripe inn fysisk mot elevar for å avverje at ein elev

- a. krenkjer ein person fysisk eller psykisk eller utsett seg sjølv for fysisk fare
- b. skader eigedom
- c. viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv
- d. vesentleg forstyrrar opplæringa til andre elevar

Det fysiske inngrepet kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast.

Handlingar som er allment aksepterte i samhandling mellom vaksne og barn som dei har omsorg for, skal ikkje reknast som fysiske inngrep etter paragrafen her.

### **§ 3-10 c. Meldeplikt og dokumentasjon**

Ein tilsett som har nytta fysiske inngrep etter [§ 3-10 b](#), skal melde frå om det til dagleg leiar. Dagleg leiar skal melde frå til foreldra til eleven. Dersom det er nytta fysiske inngrep mot den same eleven fleire gonger, eller inngrepet er særleg alvorleg, skal dagleg leiar melde frå til styret for skolen.

Skolen skal dokumentere alle fysiske inngrep med ei kort omtale av hendinga, inngrepet som vart gjort, og eleven sitt syn på saka.

### **§ 3-11. Rådgiving om utdannings- og yrkesval**

Skolen skal sørge for at elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa får den rådgivinga som dei treng om utdannings- og yrkesval.

Elevane skal få rådgiving på den skolen dei går på, og individuelt dersom dei ønskjer det.

#### **§ 3-11 a. Rådgiving om sosiale og personlege forhold**

Skolen skal sørge for at elevar får den rådgivinga som dei treng om sosiale og personlege forhold som kan ha innverknad på korleis dei har det på skolen.

Elevane skal få rådgiving på den skolen dei går på, og individuelt dersom dei ønskjer det.

### **§ 3-12. Fritak frå aktivitetar i opplæringa på grunn av livssyn**

[Opplæringslova § 14-6](#) gjeld tilsvarande for elevar i skolar godkjende etter lova her. Retten til fritak frå aktivitetar m.m. gjeld likevel ikkje for elevar i skolar som er godkjende etter [§ 2-1](#) andre ledd bokstav a. Departementet er klageinstans for enkeltvedtak etter denne regelen.

### **§ 3-13. Permisjon frå den pliktige grunnskoleopplæringa**

Skolen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Skolen skal ha retningslinjer om permisjon frå skolen.

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skolen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldre sørger for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følge med i opplæringa på skolen etter fråværet.

### **§ 3-14. Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)**

Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og treng alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få bruke eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.

Elevar har også rett til den opplæringa dei treng for å kunne bruke alternativ og supplerande kommunikasjon. Denne opplæringa kan vere ein del av den individuelt tilrettelagde opplæringa etter [opplæringslova § 11-6](#), jf. [§ 3-6](#).

### **§ 3-15. Forbod mot bruk av plagg som dekkjer ansiktet**

Elevar skal ikkje bruke plagg som dekkjer heile ansiktet eller delar av det, når dei får opplæring. Det same gjeld når dei deltek i skolefritidsordninga eller får leksehjelp.

Tilsette i skolen skal ikkje bruke plagg som dekkjer heile ansiktet eller delar av det, når dei er saman med elevane. Det same gjeld dei som arbeider i skolefritidsordninga og leksehjelpordninga.

Forbodet gjeld ikkje tildekking av ansiktet av omsyn til vêr, helse eller tryggleik, eller tildekking som tener pedagogiske eller sosiale føremål.